



## ARKIVVERKET

Johan G Foss

Dato	25.01.2022
Din ref.	
Vår ref.	2021/18361

## Publikumstilboda ved statsarkiva

Viser til brev til Arkivverket av 9. desember 2021.

Vi er glade for at materialet vi forvaltar vekker engasjement, historiske data gjer lita nytte om dei ikkje kan finnast att og brukast.

I Arkivverket ønskjer vi at flest mogleg skal få god tilgang til kjeldene. Geografi og opningstider skal ikkje avgjere kven som kan bruke historiske data, dei må vera tilgjengelege for alle. Dette er bakgrunnen for det storstilte digitaliseringsarbeidet vi står i: vi ønskjer å gjera mykje meir av arkiva tilgjengelege for fleire, utan at brukarane må reise til ein lesesal.

Vi ser også at hovudtyngden av våre brukarar forventar at informasjonen er tilgjengeleg digitalt. Vi tilpassar oss difor brukarane sine behov, noko som betyr at vi prioriterer å få meir arkivmateriale ut i Digitalarkivet. Antal fysiske besøk hjå oss er halvert over dei siste 15 åra samstundes som vi har nærare 7 millionar besøk årleg i Digitalarkivet – eit tal som aukar i takt med at nye arkiv blir publisert fortløpande.

Når vi prioriterer ressursane til å skape breiare og betre digital tilgang til arkiva våre, påvirkar det opningstida på lesesalane. Vi skal ikkje tilbake til opningstidene vi hadde før. Vi meiner det er naudsynt å bruke hovudtyngda av ressursane på digitale løysingar for rettleiing og publisering, om vi skal lykkast med samfunnsoppdraget med å bevare og tilgjengleggjera nasjonens minne.

Vi skjønar at mange av brukarane set pris på lesesalstilgang og hjelp frå våre dyktige arkivarar. Unikt kjeldemateriale skal framleis kunne brukast av dei som treng å studere det, og i dei fleste tilfelle er ein skanna versjon tilstrekkeleg. Da blir innhaldet òg tilgjengeleg for fleire, samstundes med at dokumenta ikkje blir utsatt for slitasje.

I nokre tilfelle ser vi likevel at det er behov for utvida tilgang til fysisk materiale for nokre av brukarane våre, utover ordinær opningstid. Difor testar me nå ut «fleksibel lesesal» som ei teneste. Dersom du i yrket ditt treng å gå gjennom arkivmaterialet før du bestiller digitalisering, vil du få tilgang til arkivmaterialet på lesesalen, slik at du kan legge inn ei meir spesifikk bestilling for digitalisering etterpå. Og har du behov for å kunne sitte ut over opningstidene, vil vi ha moglegheit for å tilby fleksibel lesesal.

Det er eit krav om at tilgang til unikt, fysisk materiale ikkje kan gjevast utan tilsyn. Ein søknad om utvida tilgang til lesesal vil vurderast individuelt opp mot grunngjevinga for behovet og vår kapasitet i den aktuelle perioden. Arkivverket legg da opp til størst mogleg føreseieleg og føremålstenleg ressursbruk for utvida betjening av lesesal.

Venleg helsing

AnnaMaria Tonnvik  
avdelingsdirektør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur*